

STATSFORVALTAREN I ROGALAND
Postboks 59 Sentrum
4001 STAVANGER

Vår dato: 11.05.2022

Vår ref.: 202015052-4 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.: 21/00151-59

E-post: tba@nve.no

NVE si fråsegn - Offentleg ettersyn - Kommuneplan for Klepp 2022-2033 – Samfunnsdelen og arealdelen - Klepp kommune

Vi viser til brev av 31.03.2022 og kommunens høyringsdokument. Vi viser også til telefonsamtale med Klepp kommune v/Svein Oftedal måndag 2. mai.

NVE har gitt ei fråsegn til samfunnsdelen og den vedtekne arealstrategien.

NVE har følgjande motsegner (jf. pbl § 5-4) til arealdelen av kommuneplanen:

- **NVE har motsegn til arealdelen av kommuneplanen då tryggleik mot kvikkleireskred ikkje er godt nok vareteke i planen.**
- **NVE har motsegn til arealdelen av kommuneplanen då større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar ikkje er innarbeida i planen.**

Motsegnene er forankra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strom (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).



Samfunnsdelen

FN sine berekraftsmål

Kommunen tek utgangspunkt i FN sine berekraftsmål, og prioriterer 5 av måla. Berekraftsmål 17 om samarbeid er ein føresetnad for å nå dei 5 utvalde måla.

Samfunnsdelen legg eit godt grunnlag for å utvikle trygge og triveleg tettstader som tek vare på naturlege vassvegar og dei areala som er godt egna til infiltrasjon, drying og avrenning til bekken, elva eller sjøen (kap. 6.5, 6.8). Planen stimulerer til opning av bekker (kap. 7.4) der det igjen kan etablere seg rik vassdragsnatur. God overvass- og vassdragsforvaltning er eit viktig bidrag for å oppnå fleire av FN sine berekraftsmål, som *Berekraftige byer og lokalsamfunn, god helse og livskvalitet og livet på land*.

Rettleiing frå NVE

Samfunnsdelen til kommuneplanen har fokus på inkluderande, trygge og miljøvenlege lokalsamfunn både som eit av hovudmåla og i kapittel 6. Tilstreккеleg tryggleik mot naturfarer som flaum, skred og overvann er viktig i den samanheng og bør også omtalast i kap. 6.

NVE sin rettleiar [2/2017](#) «Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging» gjer greie for nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVE sitt saksområde i arealplanlegging.

Frå NVE sin nye rettleiar [4/2022](#) for handtering av overvatn i arealplanar (vassmengder) kapittel 4.4.1, kan de sjå korleis overvatn kan innarbeidast i samfunnsdelen av kommuneplanen.

NVE sine [karttenester](#) viser informasjon om flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg.

Vi har oppdatert våre internettsider om arealplanlegging og der er det no informasjon om dei enkelte fagtema knytt til plannivåa, sjå www.nve.no/arealplan.

Nasjonale forventningar

Klepp kommune framhevar sikring av blågrøne områder som viktig for ivareta leveområde for planter og dyr. Store nok og samanhengande blågrøne områder vil også kunne dempe effekten av klimaendringane, sjå [Nasjonale forventningar](#) og [Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning](#).

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023:

Vassdragene er en vesentlig del av norsk natur og viktig for helse, livskvalitet og næringsvirksomhet. Økt press på vassdrag og vassdragsnære områder fra forurensning og inngrep, stiller store krav til planleggingen. Regjeringen legger vekt på at regionale og kommunale planer tar hensyn til vassdragenes bruks- og verneverdier, og risikoen for flom, erosjon og skred.



Regjeringen forventer at kommunene legger vekt på å ivareta byrom og blågrønn infrastruktur med stier og turveger som sikrer naturverdiene, hensyn til overvann og legger til rette for fysisk aktivitet og naturopplevelser for alle.

I Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing med rettleiing står det følgjande om samfunnsdelen:

Kommuneplanens samfunnsdel skal inkludere en overordnet vurdering av om klimaendringer vil påvirke langsiktige utfordringer, mål og strategier. Vurderingen skal skille mellom forhold av betydning for arbeidet med kommuneplanens arealdel, og forhold av betydning for kommunesamfunnet som helhet og kommunen som organisasjon. Samtidig bør kommunen kartlegge økosystemer og arealbruk med betydning for klimatilpassing. Spesielt våtmarker, myrer, elvebredder og skog som kan dempe effektene av klimaendringer er viktige å ivareta i arealplanleggingen. Forvaltningen av skog og jord kan også bidra med forsynende og opprettholdende tjenester som er viktige å ivareta.

I kommuneplanens samfunns- og handlingsdel, samt andre relevante planer, bør kommunen basert på lokale forhold, vurdere hvordan endringer i klima kan påvirke blant annet samfunnssikkerhet, kritisk infrastruktur, natur- og kulturmiljø, befolkningens helse, samt forutsetninger for berørte næringer, og hvordan dette skal følges opp.

Arealstrategi

Det er veldig bra at Klepp kommune har ein vedteken arealstrategien med fokus på flaumsonar. Store delar av kommunen ligg under marin grense der det potensielt kan vere kvikkleire. Ved neste gjennomgang av arealstrategien bør kommunen vurdere om arealstrategien bør omtale at utbyggingsområder i utgangspunktet ikkje bør plasserast i områder utsett for naturfare (flaum, ras, andre uønskete hendingar) der det er teke omsyn til forventa klimaendringar.

Berekraftige småbyar og tettstadar må sette av nok samanhengande areal for å ivareta ei heilskapleg handtering av krinsløpet til vatnet i eit endra klima, jf. plan- og bygningsloven § 3-1 første ledd bokstav g og i.

I utbyggingsområder bør overvatn handterast på overflaten. Vi tilrår å ta utgangspunkt i dei naturlege vassvegane. Frå arealstrategien bør det komme frem at det må setjast av store nok samanhengande areal i utbyggingsområda til å ivareta trygg bortleiing av overvatnet på overflata i framtida.

Arealstrategien bør være tydeleg på at bekker ikkje skal lukkast og sjå på om det er mogleg å opne lukka bekker.



Arealdelen

Klepp kommune har ivareteke dei fleste av våre innspel til oppstart av planarbeidet gitt i brev datert 21.12.2020.

NVE sine merknader og motsegn

Skredfare

I Klepp kommune ligg store areal under marin grense med moglegheit for samanhengande førekomst av marin leire. I vår uttale datert 21.12.2020 viste vi til prosedyre for å vurdere om areal ut frå terrengkriterier kan «friskmeldast». Ei tilsvarande prosedyre er no i kapittel 3 i den oppdaterte rettleiaren [NVEs kvikkleireveileder 1/2019 Sikkerhet mot kvikkleireskred](#). Vi viser også til det nye kapitlet 2.8 Aktsomhet i strandsonen.

I vår fråsegn til temaplan for landbruk 2022-2033 for Klepp kommune skriv vi mellom anna følgjande:

Klepp kommune har areal som ligg under den marine grensa. Der det er lausmassar under marin grense kan det være førekomstar av kvikkleire. For mindre inngrep, noko som kan være aktuelt i landbruket, viser vi til NVE sin rettleiar [«Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) og då spesielt til vedlegg 2 som er ein rettleiar for små inngrep i kvikkleiresona.

Krav til tryggleik mot skred er gitt i TEK17 § 7-3 med rettleiing.

Tilsvarande som for flaum bør skredfare kartleggast så tidleg som mogleg i planprosessen, då kunnskap om fareutsett areal er eit viktig grunnlag for å styre arealbruken. Dersom kommunen vel å planlegge ny utbygging i fareutsette område, må det fastsettast omsynssonar med føresegnar som sikrar god nok tryggleik for busetnaden, medrekna krav om risikoreduserande tiltak.

I ROS-analyse for forslag nr. 5 Orstad er det vurdert som usikkert om det er kvikkleire i grunnen og om det kan gå et skred. Kommuneplanen legg her til rette for regulering av eit næringsområde i eit området der fare for skred ikkje er avklart og tilstrekkeleg tryggleik ikkje er vareteke i kommuneplankartet og/eller føresegnene. Dette området må difor markerast som omsynssone og knytast til føresegnar med krav om vidare utgreiing av faren på reguleringsplannivå.

Ved offentleg ettersyn av arealdelen til kommuneplanen skal potensiell fare for områdeskred vere vurdert i samsvar med krava i plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 4-3. For at dette skal vere oppfylt på kommuneplannivå og bli vareteke vidare på lågare plannivå må kommuneplanen ha gode føresegnar og eventuelt omsynssonar. Kjente faresoner (kvikkleiresoner) må merkast av som omsynssonar og knytast til føresegnar som varetek vidare utgreiing og tryggleik. Generell føresegn om å greie ut fare for skred på seinare plannivå for alle områder med løsmasser under marin grense kan også vere ei god løysing. Nærare omtale av korleis dette kan gjerast og eksempel på føresegnar til omsynssonar og generelle føresegnar er gitt i NVE sin rettleiar [«Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#), s. 31.



I følge rundskriv H-5/18 [Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling](#), Kommunal- og moderniseringsdepartementet (s.12), skal reell fare vere avklart på siste plannivå. Sjå også meir på s. 11 om omsynssoner og føresegner i kommuneplanen.

NVE har motsegn til arealdelen av kommuneplanen då tryggleik mot kvikkleireskred ikkje er godt nok vareteke i planen.

For å løyse motsegna må områder med potensiell fare for kvikkleireskred merkast som omsynssone skredfare med krav om utgreiing av skredfare og dokumentert tryggleik mot skred ved planlegging av nye bygge- og anleggstiltak jf. TEK 17 §7-3. Der kommunen ikkje har reelle faresoner kan kartet [Mulighet for marin leire \(MML\) | Norges geologiske undersøkelse \(ngu.no\)](#) nyttast som grunnlag for omsynssone. Alternativt må det innarbeidast generelle føresegner i planen for områder med løsmasser under marin grense, med krav om at skredfare skal greiast ut ved planlegging av nye bygge- og anleggstiltak og tilstrekkeleg tryggleik mot skred vere dokumentert jf. TEK 17 §7-3.

Energianlegg

I Klepp kommune er det eksisterande- og framtidige kraftleidningar som høyrer til sentral- og regionalnettet. Sentral- og regionalnettanlegg, transformatorstasjonar og andre større kraftleidningar som krev konsesjon etter energilova er unnateke frå PBL, jf. § 1-3.

Eksisterande og meldte/varsla framtidige større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar skal avsettast som omsynssoner (PBL § 11-8 d/H740)) i plankartet. Desse anlegga er sett på som nasjonale og vesentleg regionale interesser. I arealplanlegginga er det viktig å ta tilstrekkeleg omsyn til desse anlegga.

NVE har motsegn til arealdelen av kommuneplanen då større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar ikkje er innarbeida i planen.

For at grunnlaget til motsegna skal falle bort må eksisterande og meldte/varsla framtidige større høgspenningsanlegg og transformatorstasjonar avsettast som omsynssoner (PBL § 11-8 d/H740)) i plankartet.

NVE rår Klepp kommune til å kontakte regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at de får det rette grunnlaget for å sette av eksisterande og planlagde nye kraftleidningar. Sjå meir i NVE sin rettleiar [2/2017](#) «Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging».

Masseuttak

Masseuttak kan endre både overflateavrenninga og grunnvasstilhøva og påverke viktige vassdragsinteresser. Dette er viktige tema når det skal utarbeidast reguleringsplan for massehandtering.



Prosesen vidare

Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort. Har de spørsmål til motsegna eller til andre faglege råd i dette brevet ber vi om at de tek kontakt.

Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor. Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnpunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

NVE bidreg gjerne med ytterlegare råd og rettleiing ved behov.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Turid Bakken Pedersen
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

STATSFORVALTAREN I ROGALAND

Kopimottakarliste:

KLEPP KOMMUNE

STATNETT SF

LYSE ELNETT AS